

Samnanger kommune

Tyssevegen 217

5650 TYSSE

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 17/6575

Dykkar
referanse:

Dato: 14.07.2017

Att:

Roald Aandahl

Samnanger kommune Hordaland - Offentleg ettersyn - Kommuneplanen sin arealdel 2017-2027 - uttale

Vi viser til e-postar sendt 7. juni og 5. mai 2017 frå Roald Aandahl ved Samnanger kommune - offentlig ettersyn og høyring av framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2027.

Då program for revisjon av kommunen sin arealplan vart utarbeida i 2013, vart det vedteke at arealplan og kystsoneplan skulle slåast saman til ein arealplan for både land- og sjøareala i kommunen. Fiskeridirektoratet har i samband med høyring av planprogrammet uttalt: *«Vi ser positivt på at ein gjennom revisjon av arealplanen vil integrere både land og sjøareala i ein samla arealplan. Av planprogrammet kjem det fram at gjeldande arealplan 2004-2014 er i ferd med å bli "forelda", og at revisjonsarbeidet i første rekke vil gjelde arealbruk på land. Kystsoneplanen vart vedteke så seint som i 2012, og såleis ser vi mindre trong for revisjon av arealbruk i sjøområda. Vi understrekar samstundes at det er viktig å sjå arealbruk på land i samanheng med arealbruk i tilgrensande sjøområde. Ved planlegging av areal som grenser mot sjøen, vil det vere naturleg også å vurdere arealbruk i sjøområda, t.d. planlegging for småbåthamn- og marinaanlegg tilknyta bustad- og fritidsbustadområde. Primært ber vi om at sjøområda som er merkt av som einkategori fiske- og akvakulturområde i gjeldande kystsoneplan, ikkje vert endra gjennom revisjon av planen. Dersom kommunen likevel ser trong for å vurdere arealbruka i desse områda, ber vi om at slike spørsmål vert avklart med oss og næringsinteressene før planframlegg vert sendt på høyring....».*

Vi slår fast at land- og sjøareala er slått i saman noverande framlegg til arealplan for 2017 – 2027 og arealbruk i sjøområda er vidareført frå kystsoneplanen utan vidare endringar.

Arealbruk i sjøområda definert i PBL under § 11-7 nr 6 'bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone med underføremåla ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon.

Fiskeriinteresser

Gyteområde for torsk og fiskeområde som er synt på plankartet som 'Fiske-noverande' er i samsvar med områda som Fiskeridirektoratet har registrert i sin kartbase. Føresegner og retningsliner som gjeld for fiskeområda tek etter vår vurdering tilstrekkelig tek vare på desse interessene.

Akvakultur

I Samnanger kommune er det i dag etablert 2 matfiskanlegg i sjø og eit landbasert anlegg som driv produksjon av rognkjeks. Akvakultur er synt på plankartet som 'Akvakultur – noverande' og 'Akvakultur – framtidig'. I alt er det sett av areal for noverande 3 anlegg, og i tillegg er 4 område sett som 'Akvakultur – framtidig'. 3 av 'Akvakultur – framtidig'-områda er knyta til eventuell utviding av eksisterande anlegg. Vår vurdering er at områda som er avsett til akvakultur på plankartet tek vare på desse interessene på en høvelig måte.

Vi ser heller ikkje at dei planlagde akvakulturområda kjem nemneverdig i konflikt med fiskeriinteressene i sjøområda. I planføresegna kapittel 35 Akvakultur, pkt. 35.1 er føremålet definert som '*natur, friluftsliv, ferdsel og akvakultur*'. Her er vår vurdering er at føremålet skal være 'akvakultur'.

Fylkeskommunen ber retten til motsegn på vegne av akvakultur, og såleis er det Hordaland fylkeskommune som tek endelig stilling til om planen tek vare på akvakulturinteresser.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

| | | | |
|-------------------|----------------|------|-------|
| Samnanger kommune | Tyssevegen 217 | 5650 | TYSSE |
|-------------------|----------------|------|-------|

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|---------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgaten 3 | 5003 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Kystverket Vest | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |

KOPPI